



Alver kommune
Plan- og byggesak

Referansar:
Dykkar: kjartan Medaas
Vår: 22/6973 - 22/89811

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
24.11.2022

Oppheving av jordlovsvedtak etter klage og nytt vedtak etter jordlova som gjeld løyve til frådelling av parsell med påståande naust - Gbnr. 331/2 Håtuft i Alver.

Administrativt vedtak: Saknr: 1341/22

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova § 33 opphevar Alver kommune sitt vedtak som var heimla i jordlova § 12 og som galdt frådelling av parsell med naust på gnr. 331, bnr. 2 Håtuft i Alver.

Nytt vedtak vert:

I medhald av jordlova § 12, jf. § 1 gjev Alver kommune løyve til å dele i frå om lag 61m² med påståande naust frå gnr. 331, bnr. 2 Håtuft.

Vilkår:

Nausttomta må sikrast rett til gangtilkomst over gnr. 331, bnr. 2.

Saka gjeld

Vi syner til korrigerert vedtak av 09.11.2022 som galdt korrigering av tidlegare vedtak i saka. I det korrigererte vedtaket avslo Alver kommune søknad om frådelling av ein mindre parsell med naust på gnr. 331, bnr. 2 Håtuft i Alver.

Vedtaket vart klaga på av Tordis Åsebø Nicolaisen og Arve Nicolaisen som eig gnr. 331, bnr. 2.

VURDERING:

Søknaden er komen inn i rett tid i høve klagefristen.

Jordlova legg vekt på at arealressursane på dei einskilde bruk ikkje skal reduserast. Dette gjeld meir enn areala i seg sjølv, t.d. bygningar med meir. Vurderingane som låg til grunn i vedtaket som no vert oppheva, finn ein i saksutgreiinga av 27.10.2022 som var det opphavelige vedtaket før kommunen korrigererte det.

I vurderinga av klagen skal kommunen mellom anna vurdere om det har kome inn nye opplysningar i saka som kommunen ikkje kjende til i det opphavelige vedtaket. I denne saka har det kome inn nye opplysningar.

Det opphævelege avslaget var mellom anna tufta på at naustet var ein viktig ressurs for bruket og såleis for komande generasjonar. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga 27.10.2022 der vedtaket vart gjort.

Det nye i saka er at gnr. 331, bnr. 2 har eit naust til. Dette kjende ikkje kommunen til i si første vurdering i saka.

Vi meiner at saka stiller seg annleis når vi no er kjende med at bruket per i dag har to naust. Kjøpar av parsellen har òg kosta oppføring av det nye naustet som eigarane av gnr. 331, bnr. 2 ynskjer han skal få kjøpe inkludert tomt.

Sjølve arealbruken er svært avgrensa og gjeld om lag 61m². I tillegg vil den nye parsellen trenge rett til tilkomst til naustet. Vi finn det naturleg at dette gjeld tilkomst til fots.

Konklusjon: Alver kommune finn å kome klagen i møte. Vi opphevar derfor det korrigerede vedtaket av 09.11.2022 som galt avslag i saka. I nytt vedtak gjev vi løyve til å dele ifrå eit avgrensa areal med påståande naust på gnr. 331, bnr.1 i Alver.

Regelverk

[sett inn punktliste med kva regelverk som er nytta for vedtaket]

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/6973»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune

Arve Per Nikolaisen

Tordis Johanna Åsebø Nikolaisen

Storehaugen 9

Storehaugen 9

5304

5304

HETLEVIK

HETLEVIK